

FJORD KOMMUNE
Postboks 144
6211 VALLDAL

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 20/01233-53

24.01.2025

Ark.: 326.12 BS

Vedtak i namnesak 2024/264 - Bjørkekipa, Fetvatnet mfl. i Fjord kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av følgende stadnamn i Fjord kommune:

- | | |
|--------------------------------|-----------------|
| 1. Fetvatnet, Fetegga | vatn, fjell |
| 2. Pettertjønna | tjern |
| 3. Storkaldhusdalsvatna | gruppe av tjern |
| 4. Bjørkekipa | søkk |

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp etter eit innspel av Ole Grønberg Myrold i Rett i kartet. Han melde inn fire stadnamn i Tafjordfjella som ikkje er registrerte i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før, og som derfor ikkje kjem ut på norgeskart.no. Namnesaka vart reist for å fastsette rett skrivemåte for offentlig bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentlig bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må ein ta omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn.

Høyring

Kartverket sende namneforslaga til kommunen i e-post datert 31.07.2024.

Fjord kommune tok kontakt med lokalkjende for å få meir info om namna, og sende innspela til Kartverket den 31.10.2024. Lokalkjende opplyste om at det var semje om dei tre første namna. Namnet Bjørkekipa var også kjent, men plasseringa er lenger nord i dalen enn det som kom fram i innsendinga.

Kartverket sende oppstartsbrev i namnesaka til høyring i kommunen den 7.11.2024.

 www.kartverket.no

Fjord kunngjorde saka og fekk eitt høyringsinnspel i denne runden, frå Stig Falling. Innspela hans er refererte under gjennomgangen av kvart namn. Kommunen sende innspelet til Språkrådet for tilråding 2.1.2025.

Språkrådet har gitt si tilråding den 10.01.2025 (vedlagt).

1 Fetvatnet og Fetegga

Uttale og skrifttradisjon:

Ole Grønberg Myrold opplyste i Rett i kartet at uttalen er *Fetvatnet*. Dei lokalkjende som kommunen tok kontakt med, er einige i at *Fetvatnet* er rett, og Per Oddmund Tafjord stadfester på telefon 20.01.2025 at han aldri har høyrte anna enn *Fetvatnet*.

Skrivemåten *Fitvatnet* vart vedteken i namnesak i 1999. Namnet på fjellet var ikkje med i namnesaka, så fram til no har vatnet og fjellet hatt ulike skrivemåtar i Noregskart. Før 1999 var skrivemåten *Fet-* for begge, t.d. på eldre Noreg 1:50 000-kart.

Eit søk i Nasjonalbiblioteket viser at *Fetegga* berre har denne eine skrivemåten i aviser og litteratur. Skrivemåten *Fitvatnet* er nytta to gonger i bøker etter vedtaket i 1999, elles er skrivemåten *Fetvatnet*.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet tilrår skrivemåtane *Fetvatnet* og *Fetegga*, på grunnlag av opplysningane i oppstartsbrevet og opplysningar om uttale frå lokalkjende.

Kartverkets vurdering

Kartverket vedtar skrivemåtane **Fetvatnet** og **Fetegga**, i samsvar med lokal uttale. Det er òg i samsvar med det aller meste av skriftleg dokumentasjon.

2 Pettertjønna

Uttale og skrifttradisjon:

Ole Grønberg Myrold skriv at eit lite vatn opp for råsa ved Illstigvatnet heiter *Pettertjønna*. Dei lokalkjende som uttalar seg til kommunen i første omgang, stadfester at *Pettertjønna* er rett. Stig Falling skriv det same.

Namnet er nytta i boka *Jakt og fangst i Norddal* s. 274, og på Tafjordkartet frå 1965 (sjå neste side).

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet skriv at *Pettertjønna* er i samsvar med dei innkomne opplysningane og tilrår denne skrivemåten. *Tjønn* er ikkje norsk rettskrivingsform, men dei utfyllande reglane opnar for å skrive *tjønn* der det er uttalen.

Kartverkets vurdering

Kartverket vedtar skrivemåten **Pettertjønna**, i samsvar med tilrådinga og det lokale ønsket. Namnet har også stått på kart.



Utsnitt av Tafjordkartet frå 1965, <https://histkart.kartverket.no/#id=11330>

3 Storkaldhusdalsvatna

Uttale og skrifttradisjon:

Innspelet frå Ole Grønberg Myrold var *Storkaldhusdalsvatn*. Dei lokale informantane til kommunen var sa seg samde. Andre vatn i området har imidlertid bunden form, t.d. *Fetvatnet* og *Illstigvatnet*. I oppstartsbrevet bad Kartverket derfor om informasjon om lokalkjende seier *-vatnet* eller *-vatn*.

Stig Falling meiner at *Storkaldhusdalsvatn* er misvisande. «Det er tre vatn, og eit felles namn for dei tre kan vere Storkaldhusdalvatna.»

Han skriv vidare at det ikkje skal vere *-s-* i fugen. «På folkemunne kjem denne *s-*en ofte inn. Eksempel vis blir det sagt Heimste Viksvatn, men vatnet heiter Heimste Vikvatn. Det er det som står på kartet også. For å være meir presis kunne navnet på dei tre vatna vere Heimste -, Midtre - og Fremste Storkaldhusdalvatn.» Tafjordkartet har også *Storkaldhusdalvatn* utan *-s-*.

Per Oddmund Tafjord opplyser på telefon 20.01.2025 at *Storkaldhusdalsvatna* blir nytta, og at namnet omfattar eit større og to mindre vatn.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet tilrår *Storkaldhusdalsvatnet* på grunnlag av dei innkomne høyringssvara. (Dei nemner *Storkaldhusvatnet*, men det var ei feilregistrering frå Kartverket si side. Framlegget frå Myrold var *Storkaldhusdalsvatn*.)

Når det gjeld bruken *-s-* eller ikkje i fugen, skriv Språkrådet at alle andre namn i Heradsregisteret som inneheld *dal + vatn* har binde-*s*. Dei skriv òg at alle namn med etterleddet *-vatn* er registrerte med bunden form i uttalen.

Kartverkets vurdering

Vatna – to små og eitt større – har namn etter *Storkaldhusdalen*. Førsteleddet er altså uproblematisk. Dei usikre punkta er om det skal vere fuge-*s*, og om det skal vere *vatn* eller bunden form *vatnet* eller *vatna*.

Når det gjeld det fugen, gjer Kartverket same vurdering som Språkrådet. I Sentralt stadnamnregister er fuge-*s* gjennomført i kombinasjonen *dal + vatn* i heile fylket, og alle andre som har uttala seg, nyttar *s* i fugen.

Dei få skriftlege belegga vi finn er også med *-s-*. Dei eldste belegga for *Storkaldhusdalsvatnet* er i Sunnmørsposten 22.juli 1893 og 14. januar 1914 (om utsetting av fisk.)

V. I Kaldhusdalen :	
1.	Blavandene (5 Stf)
2.	Ilstivandene (3 Stf)
3.	Storkaldhusdalsvandet
4.	Fedtvandet
ved Ole Kaldhusfæter.	

C. I Norddalen.	
1.	Ilstivandene, 3 st. (Kaldhusdalen) 130
2.	Storkaldhusdalsv. (do.) 50
3.	Fedtvandet (do.) 110

Så vidt vi kan sjå, har alle vatn i kommunen og nabokommunane bunden form, enten *-vatnet* eller *-vatna*. Her vel vi å legge vekt på opplysningane frå Stig Falling og Per Oddmund Tafjord når dei seier at vatna normalt blir omtala i fleirtal.

Kartverket vedtar skrivemåten **Storkaldhusdalsvatna** for namneobjekttypen «gruppe av tjern». Det opnar for at ein kan omtale det største vatnet som *Storkaldhusvatnet*, og at ein kan utmerke kvart av vatna med *heimste*, *midtre* og *fremste* etter behov.

4 Bjørkekipa

På Tafjordkartet ser *Bjørkekipa* ut til å vere namn på ein topp vest for Heimste Kaldhussætervatnet. Ole Grønberg Myrøld opplyser at plasseringa er feil, Bjørkekipa ligg lenger nord. Kommunen sine informantar er einig i det, og plasserer Bjørkekipa i lia sørvest for Svartholvatnet, ved punktet markert med 5. Det same gjer Stig Falling og Per Oddmund Tafjord.

Per Oddmund Tafjord opplyser at Bjørkekipa er eit søkk der det mellom veks anna store bjørketre.



Tafjordkartet frå 1965



Korrekt plassering av Bjørkekipa ved nr 5.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet har ingen opplysningar om namnet i sine kjelder, men skriv at skrivemåten *Bjørkekipa* er grei.

Kartverkets vurdering

Det er full semje om skrivemåten. Alle nyttar *Bjørkekipa*, og Språkrådet tilrår denne skrivemåten. Kartverket vedtar skrivemåten **Bjørkekipa**.

Spørsmålet er rett plassering og lokalitetstype. Alle som har kome med innspel er einige i plasseringa ved punktet nr. 5.

Berre Per Oddmund Tafjord har uttala seg om lokaliteten. Han opplyser på telefon at Bjørkekipa er eit søkk. *Kipe* tyder ei vidjekorg til å bere på ryggen. Her er ordet nytta samanliknande om eit søkk i terrenget, og førsteleddet fortel at her veks bjørk.

Kartverket registrerer Bjørkekipa ved punkt 5, som namn på søkk.

Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Vi ber også kommunane om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane, t.d. adressenamn eller andre avleidde namn.

Klage

Dei som etter § 6 bokstav a til c i lov om stadnamn har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, har etter § 12 rett til å klage på vedtak. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket har kome fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, startar klagefristen den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tar opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Berit Sandnes
rådgjevar stadnamn

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande regler om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET
Terje Systad, FJORD KOMMUNE